



Statsforvaltaren I Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/5636 - 23/72671

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
18.09.2023

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 188/191 Gjervik ytre

**Tiltak:** garasje  
**Byggjestad:** Gbnr: 188/191  
**Tiltakshavar:** Øystein Agdal

Saka gjeld søknad om etablering av garasje i form av tilbygg til bustad på eigedom gbnr 188/191 seksjonsnr. 1 Stallane 27 A. Planlagd garasjetilbygg er i heilskap plassert i strid med regulert byggegrense. Minste avstand til eigedomsgrense kommunalveg er opplyst til 0,5. Minste avstand til senter kommunal veg er opplyst til 4,4 meter.

Tiltaket er nabovarsla, det ligg ikkje føre merknadar til varsla tiltak.

Planlagt garasjetilbygg er opplyst å ha eit samla bruksareal (BRA) på 32,4 m<sup>2</sup>. Grad av utnytting for eigedommen etter gjennomført tiltak er i søknad opplyst til 26,8 % BYA.

Tiltaket krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå regulert byggegrense.

### Planstatus

Eigedommen er omfatta av reguleringsplan Stallane Felt D/planid.: 1263-18061965. Planen manglar grad av utnytting og bestemmelsar om minste uteopphaldsareal, og vert supplert av kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen (KDP) innan desse områda, jf. KDP pkt 4.5.

Reguleringsplanen har bestemmelse om 5 meters avstand til nabogrense jf. føresegna § 1, 2.avsnitt, slik vi forstår ordlyden gjeld 5 meters byggegrense der det ikkje ligg regulert byggegrense i plankartet.

### Handsaming

Saka vart handsama administrativt den 18.09.2023, der følgjande vedtak vart fatta:

### VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå regulert byggegrense fastsett i reguleringsplan Stallane felt D/planid 1263-18061965 for etablering av**

**garasje i form av tilbygg til vertikaldelt tomannsbustad på eigedom gbnr 188/191.  
Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår etter uttale frå avd. Samferdsle, veg, vatn og avløp:**

1. Plassering slik som synt på situasjonsplan datert 28.03.2023,
2. Siktsonen i lovverket vert ivareteke (Håndbok N100)

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 jf. § 20-4 bokstav a jf § 20-4 vert det gjeve løyve til etablering av garasjetilbygg til vertikaldelt tomannsbustad på eigedom gbnr 188/199. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 28.03.2023 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.

**Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.**

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post.

### **Regelverk**

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Dispensasjon frå byggegrense og løyve til etablering av garasje - gbnr 188/191 Gjervik ytre  
Uttale - søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense - gbnr 188/191 seksjon 1 Gjervik ytre  
Situasjonsplan D-1  
Tegninger eksisterende samlet E-1  
Tegninger - ny E-2

### **Kopi til:**

Hege Thunes Agdal	Stallane 27a	5914	ISDALSTØ
Villanger & Sønner As	KNARVIK	5914	ISDALSTØ
Øystein Agdal	Stallane 27a	5914	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren I Vestland

Njøsavegen 2

6863 Leikanger